



**VOLDA KOMMUNE**  
**Samordnings- og utviklingsstaben**  
**6100 VOLDA**

VOLDA, 13.06.2006

**Kunngjering av kommunale planar:**

Etter vedtak i Det Faste Planutvalet har i møte den 22.05.06 og i Kommunestyret den 1.06.06, vert kunngjort følgjande planarbeid:

Oppstart av Planarbeid, Plan og bygningslova §27-1 nr. 1:

**Sak 0027/06:**

**Reguleringsendring – ”Torget i Volda sentrum” (ark.nr. 06/01131)**

Planområdet dekkjer arealet mellom Sjøgata (rv651) og Halkjellsgata -, avgrensa frå Storgata i vest og til aust om ”Det Grøne treet”.

I planutforminga tek ein utgangspunkt i skisseframlegg for ”Volda sentrum-Torget”- slik dette vart presentert for Volda kommunestyre i sak 0018/06, den 2.03.2006.

Planar til off. ettersyn, Plan og bygningslova §27-1 nr. 2:

**Sak 0024/06:**

**Reguleringsplan ”Vikeneset”, (ark.nr. 04/03078).**

3.gongs off. ettersyn.

Planområdet omfattar arealet på sjølve Vikeneset med Kaia frå Kryss med rv651 og aust til ”Vikingshuset” Vidare er med utbyggingsareal og parkeringsareal nord for rv. 651 frå krysset mot e-39 og austover til ”Vikeneshamaren”.

Eigengodkjente reguleringsplanar, Plan og bygningslova §27-2 nr. 1:

**K-Sak 0043/06:**

**Reguleringsplan ”Brautasvingen”Gangveg langs rv. 652 på Lauvstad, (ark.nr. 06/0052)**

**K-sak 0044/06:**

**Reguleringsplan ”Hytt-Naustområde Berknes aust, del II”, (ark.nr. 02/03054)**

Dokumenta i regulerings sakene er lagt ut offentleg ettersyn ved servicekontoret og folkebiblioteket i rådhuset, og er tilgjengeleg på kommunen si heimeside, [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Ein har høve til innspel og merknader til planarbeida både i oppstartfasen og ved offentleg ettersyn.

Ein har og rett til klage over vedtak om eigengodkjenning av plan.

Innspel / merknader og eventuelle klager skal merkast med arkivnr. og sendast til Volda kommune, Samordning og utviklingsstaben, Stormyra 2, 6100 Volda. Eller på e-post til : [postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)

Frist for innspel til planoppstart, ” Torget i Volda sentrum” og for plan ”Vikeneset” til off. ettersyn er sett til 31.juli 2006.

Frist for klage over vedtak om eigengodkjenning er 3 veker frå denne kunngjeringa.

Har De spørsmål til planane ta gjerne kontakt med planseksjonen i kommunen, telef. 70058717.

**Administrasjonssjefen**

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Telefon:  
70 05 87 17  
(dir.innval til saksh.)

Telefaks:  
70 05 87 01 Volda kommune

Org. nr. 939 760 946  
Postgiro skatt 7855.05.15198  
Bankgiro 3991.07.81727

Gateadresse:  
Stormyra 2

E-post:  
[postmottak@volda.kommune.no](mailto:postmottak@volda.kommune.no)